

Kulturmiljø av regional interesse i Bjerkreim kommune

Dette dokumentet er eit uttrekk frå temakart-Rogaland og viser kulturmiljø av regional interesse som er del av Regionalplan for kulturmiljø.

[Sjå oversikten over heile Rogaland i ei interaktiv kartløyning i Temakart-Rogaland.](#)

Oversikta er eit kunnskapsgrunnlag for vidare planlegging og utvikling i kommunane, og skal bidra til føreseielege prosessar gjennom at informasjon om kva som er regionalt viktige kulturmiljø og landskap, blir kjent og tilgjengeleg. [Du finn meir informasjon om oversikten i Regionalplan for kulturmiljø kapittel 7 og 8.](#)

I tillegg til kulturmiljøa i dette dokumentet er kulturmiljø og landskap registrert av Riksantikvaren og ein del av regionalplanen. Desse er i frå Riksantikvarens nasjonale register over kulturmiljø og landskap(NB!-registeret og KULA), Utvalde kulturlandskap i jordbruket(UKL) og freda område og kulturmiljø (Askeladden).

[Les meir om kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse.](#)

[Les meir om Utvalde kulturlandskap i jordbruket hjå statsforvalteren.](#)

Innhald

Kulturmiljø av regional interesse i Bjerkreim kommune	1
Bjerkreim.....	2
Åsentunet.....	4
Hovland og Gudlen	7
Gloppedalsura	12
Kvitlen - Brattebø	15
Dyrskog.....	18

Bjerkreim

id	44
Namn	Bjerkreim
Kommune	1114 - Bjerkreim
Tema	Tradisjon og religion, administrasjon, fellesskap, makt og demokrati
Periode	Før- og etterreformatorisk tid
Kjelde	Fylkesdelplan for friluftsliv, idrett, naturvern, kulturvern(FINK (2005), SEFRAK, "Bjerkreim kyrkje 150 år"(1985)
Vernestatus	Kulturminneloven, Kulturminneplan, Hensynssone (pbl)

Skildring

Bjerkreim ligg langs austre breidd av Bjerkreimsåna, i eit fruktbart jordbrukslandskap. Lensmannsgarden i sør, og kyrkja og mellomalderkyrkjegarden i nord, utgjer det gamle sentrum i Bjerkreim.

Kyrkjestaden i Bjerkreim har vore i bruk i lang tid. Ting tyder på at den første kyrkja i Bjerkreim, var ei stavkyrkje som vart flytta dit frå Tengesdal etter svartedauden. Pesta medførte forfall og omorganisering av kyrkjene, sidan det var for få folk og prestar til alle kyrkjebygga. Sannsynlegvis var det denne stavkyrkja frå Tengesdal som forsvann i brann i 1628. Same år vart det bygd ei ny kyrkje, mykje mindre enn dagens. På grunn av folkeauke vart kyrkja utvida tidleg på 1700-talet, men enda med å bli rivd i 1835. Då hadde søknadsprosessen om ny kyrkje allereie gått føre seg nokre år, først med forslag om ei lik kyrkje som på Helleland, men forslaget vart avslått av kyrkje- og undervisningsdepartementet. Ny søknad vart sendt inn, denne gongen med ei kyrkje lik slottsarkitekt Linstows teikningar for kyrkja i Time, men med nokre mindre endringar. Denne vart vedteken i 1835 og kyrkja vart bygd. Omnar vart tekne i bruk i kyrkja for første gong i 1891, og orgel var på plass i 1914.

Omfang

Deler av kulturmiljøet inngår i reguleringsplan for Bjerkreim aust som blei vedtatt i 2009. Dette gjeld lensmannsgarden, kyrkja og mellomalderkyrkjegarden, samt noko av den eldre busetnaden. Lensmannsgarden og mellomalderkyrkjegarden er regulert til spesialområde med formål bevaring av bygningar og anlegg.

Åsentunet

id	45
Namn	Åsentunet
Kommune	1114 - Bjerkreim
Tema	Landbruk og kulturlandskap
Periode	1700-1799
Kjelde	Fylkesdelplan for friluftsliv, idrett, natur og kulturvern(FINK) (2004), kulturminneplan (2006 - 10), Nasjonal registrering kulturlandskap (1998), Stiftelsen Åsen (Facebook), Riksantikvarens Rapportar 1 (1982)
Vernestatus	Kulturminneplan, Hensynssone (pbl)

Skildring

Åsentunet ligg på ein åsrygg, nordvendt og med vidt utsyn. Kulturmiljøet omfattar eit gardstun, med fleire små bygg og eit av dei eldste og best bevarte bustadhusa i Bjerkreim. Frå tunet fører ein geil, og i området rundt tunet er det mange steingardar i eit fint kulturlandskap. Våningshuset er datert til 1700 – talet, med blant anna originalt blyglas bevart i vindauga. Bustadhuset er eit godt døme på fleire av særtrekka for byggeskikken i Dalane. Den gamle prestavegen mellom Helleland og Bjerkreim går gjennom området.

Miljøet ligg i eit småkupert landskap med nokre høgare og brattare toppar. Jordbruksareal som har vorte drive i mange hundre år i dalane. Kulturlandskapet i området består blant anna av eng, ope beite, beiteskog og eik.

Omfang

Kulturmiljøet omfattar eit verneverdig tun, og eit særskilt fint jordbruk/kulturlandskap.

Regional interesse

Miljøet har kunnskapsverdi og opplevingsverdi knytt til byggeskikkshistorie, og landskapshistorie knytta til tradisjonell jordbruksdrift. Miljøet er eit godt døme på

gardstun og -anlegg frå 1700-talet, og mengda verna bygg og strukturar gir ei spennande lesbarheit av korleis anlegget har fungert.


Sårbarheit og forvaltning

Tunet er eigd av ei stifting og vert drive som museum.

Hovudbilde



Kartutsnitt



Kartutsnitt per 23.09.2022

Hovland og Gudlen

id	71
Namn	Hovland og Gudlen
Kommune	1114 - Bjerkreim
Tema	Industri og næring, Landbruk og kulturlandskap, Tradisjon og religion
Periode	Før- og etterreformatorisk tid
Kjelde	Bjerkreim kulturminneplan (2006 - 2010)
Vernestatus	Kulturminneloven

Skildring

Hovland og Gudlen har spor både etter gruvedrift, i spektakulært landskap i dalen og på fjellet, men også av førhistoriske gravfelt og gardsanlegg langs elva. Dette gjev landskapet ei stor tidsdjupne.

Det var gruvedrift på fjellet frå 1904 til 1954, med nokre avbrot. Ein grov fram molybden og wolfram, og malmen måtte berast ned fjellsida av gruvearbeidarane sjølve. På det meste arbeida det 100 mann i gruvane. Gruvegangar, slagghaugar og spor etter bygningar kan sest ved foten av fjellet.

Hovland og Gudlen er del av eit kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA), Ørsdalen Kvitlen.

Regional interesse


Miljøet har regionalhistorisk verdi som representant for bergverksdrift i Dalane på starten av 1900tallet. Ørsdalen utgjer eit særleg flott og dramatisk landskap. Sjølv om drifta i denne fjelldalen representerar kortvarige forsøk på utvinning av Wolframitt og Cheelitt, er spora etter gruvedriften mange, både i dalen og oppe i fjellet. Dei mange fornminnefeltene både innanfor, men også i umiddelbar nærleik til kulturmiljøet, gjer miljøet særleg stor tidsdjupne. Området har stor opplevingsverdi og potensial for midling av både nyare og eldre historie.

Hovudbilde



Gruvedrift i Ørsdalen.

Kartutsnitt



Kartutsnitt november 2022

Bildevedlegg



Gravfelt ved Hovland i Ørsdalen.

Bildevedlegg 2



Gravfelt ved Hovland i Ørsdalen.

Bildevedlegg 3



Spor etter gruvedrift ved Gudlen i Ørsdalen.

Gloppedalsura

id	197
Namn	Gloppedalsura
Kommune	1122 - Gjesdal, 1114 - Bjerkreim
Tema	Krig og konflikt
Periode	1940-1945
Kjelde	Kulturminneplan for Gjesdal kommune 2012-2020, nettsidene til Magma geopark og Vakre landskap i Rogaland, s171
Vernestatus	Kulturminneplan, anna vern

Skildring

Gloppedalsura ble dannet av steiner og rester etter isens ferd fra Byrkjedal til Veen. Den er i dag Nord-Europas største steinrøys.

Stedet er mest kjent for det siste slaget mellom norske motstandsfolk og tyske soldater, 22 april 1940. De tyske soldatene kom fra Veen mot de norske styrkene som gjemte seg blant de store steinene i Gloppedalsura. De holdt stand lenge takket være beskyttelsen som ura gav. Både stedet og slaget som stod her står som symbol på den norske motstandsbevegelsen.

I moderne tid er Gloppedalsura et populært stoppested på veien fra E39 til Byrkjedalstunet. Fra Veen er veien en opplevelse i seg selv.

Omfang

Kulturmiljøet Gloppedalsura er naturlig avgrenset mellom Vinjavannet og Gloppedalsvannet mot vest og øst, og med bratte fjell mot nord og sør.

Regional interesse

Verdiene er særlig knyttet til krigshistorie og handlingene som foregikk her, sett sammen med blant annet Oltedal og Dirdal hvor innbyggerne flyktet opp i fjellene under tyske flyangrep.


Landskapet mellom Veen og Byrkjedal, samt strekket over Giljajuvet er vurdert som viktig landskapsområde og skildret som særlig vakkert landskap i boka Vakre landskap i Rogaland.

Gloppedalsura er også en del av Unescos Magma Geopark.

Sårbarheit og forvaltning


Gloppedalsura og veien gjennom området er en populær turistattraksjon. Området er ikke veldig godt tilrettelagt for dette, men det er opparbeidet en rasteplass/parkering med skilt. I sommersesongen er det relativt stor trafikk, med små og større kjøretøy.

Hovudbilde



Gloppedalsura

Kartutsnitt



Kartutsnitt per 23.09.2022

Kvitlen - Brattebø

id	210
Namn	Kvitlen - Brattebø
Kommune	1114 - Bjerkreim
Tema	Landbruk og kulturlandskap, Natur - kultur
Periode	Før- og etterreformatorisk tid
Kjelde	Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA)(2021), Vakre landskap i Rogaland(2009) Askeladden/kulturminnesøk
Vernestatus	Kulturminneloven

Skildring

Innanfor kulturmiljøet Kvitlen-Brattebø er det fleire fjellgardar som har vore i bruk heilt tilbake til mellomalderen. Kvitlen er eit særeige kulturlandskap. Her finst det restar etter ein fjellgard med fem avlange hustufter, geil, gardfar, brønner og bekkverkningar. På nabogarden Brattebø er nokre av bygga bevarte, i tillegg finst det andre spor etter eldre drift som framleis er synleg i landskapet. Det går ein eldre ferdselsveg mellom fjellgardane Kvitlen og Brattebø.

Omfang

Miljøet omfattar heile dalføret med Brattebø i vest og Kvitlen i nord-aust.


Regional interesse

Miljøet har historisk verdi som representant for tidlegare driftsformer tilpassa fjelldalen sitt klima og naturressursar. Miljøet utgjer eit særprega kulturlandskap med mange bevarte spor etter tidlegare drift og ferdsel, og har stor opplevings- og kunnskapsverdi.

Hovudbilde



Kartutsnitt



Kartutsnitt per 22.09.2022

Bildevedlegg 1



Fjellgården Kvitlen.

Dyrskog

id	211
Namn	Dyrskog
Kommune	1114 - Bjerkreim
Tema	Landbruk og kulturlandskap, Natur - kultur
Periode	1700-1899
Kjelde	Nasjonal registrering kulturlandskap (1998), Askeladden, Fjell-Vandring.net, Kulturmiljøplan, SEFRAK
Vernestatus	Kulturminneplan

Skildring

Dyrskog er den best bevarte av dei veglause fjellgardane langs nordsida av Ørsdalsvatnet. Garden ligg delvis på hyller, høgt i terrenget over vatnet, med god utsikt. Tunet består av fleire eldre bygg, nokre av desse kan stamme frå 1700-talet. Garden har blant anna ei vassdriven gardssag, steinstem med kvernhus, heimelaga høypresse, samt eit fint naust og driftsbygningar. Her finst også oppmurte vegar og steingardar, noko dyrka mark og kulturbeite.

Omfang

Miljøet omfattar fem hus - eitt våningshus og fire bygningar som blir brukte til ulike landbruksføremål, samt eit naust. Området omfattar også kulturlandskap med beitemark, dyrka ekrer og frukttre

Regional interesse

Dyrskog er eit komplett kulturmiljø, særleg velbevart og utan vesentlege inngrep. Kulturmiljøet har regionalhistorisk interesse som representant for strandagardar og ressursutnytting i Dalane på 17- og 1800-talet. Kulturmiljøet som heilskap har høg opplevingsverdi.

Området er også ein del av eit større kulturhistorisk landskap, Ørsdalen – Kvitlen (AskeladdenID K521), av nasjonal interesse.


Sårbarheit og forvaltning

Garden ligg i eit flott landskap langs Ørsdalsvatnet, og det er fleire tur- og friluftsruter i nærleiken. Strandgardane langs Ørsdalsvatnet står i fare for gjengroing og forfall. Skjøtsel og beiting for å forhindre dette er tilrådd.

Hovudbilde



Kartutsnitt



Kartutsnitt per 23.09.2022